


Vekeplan 4. trinn veke 12



Dette arbeider me med:	
Norsk	Lesing: Repetert lesing gjennom Relemo. Klasselesekurs: Me jobbar grundig med ein tekst gjennom heile veka. Språk og skriving: Språklege bilete, samansette ord.
Matematikk	Geometri Rotering og parallelle kantar Matematikkord: vinklar, parallelle linjer, kantar, hjørne, sideflater
Engelsk	Easter words
Sosial kompetanse/ Eples venner	Lagånd – saman er me gode!

Lekser:	Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
Norsk	Leselekse på Relemo. Link til Relemo ligg på heimesida. Ta skjermbilete av grafen og legg inn på Showbie.	Leselekse på Relemo. Link til Relemo ligg på heimesida. Ta skjermbilete av grafen og legg inn på Showbie.	Leselekse på Relemo. Link til Relemo ligg på heimesida. Ta skjermbilete av grafen og legg inn på Showbie.	Leselekse på Relemo. Link til Relemo ligg på heimesida. Ta skjermbilete av grafen og legg inn på Showbie.
Matematikk		Multi øvebok s 58		Multi øvebok s. 59
Engelsk				Alle: Øv godt på Tongue Twisters. Sjå forklaring på arket.
Gren	Fortel hintet til ein vaksen. Diskuter kva det kan vera. Det er ikkje lov å søka på nettet.	Fortel heime kva du har fått vita om "grejen". Kan du finna ut noko meir?		
Batterijakt	Ta gjerne med batteri! De må teipa batteria heime, før dei blir levert til skulen.			

Timeplan:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08:15-09:45	Frileik/stillelesing Engelsk	Frileik/stillelesing Klasselesekurs	Frileik/Stillelesing Kunst og handverk Bibliotek	Tur saman med 3.trinn	Frileik/Stillelesing Klasselesekurs
	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
10:00-10:55	Matematikk	Matte: «Mesternes mester»	Kunst og handverk	Tur	Fellessamling LAGÅND
	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
11:45-12:45	Kor	Kor	Klasselesekurs	Tur	Sosial kompetanse
	Friminutt		Friminutt		
13:00-14:00	Klasselesekurs		Naturfag		

Informasjon til heimen:

- Sist veke var det vennegrupper. Flott viss dei som ikkje hadde, får invitert til vennegruppe denne veka. Dette er viktig for ungane.
- Det vert ikkje symjing denne veka. Frå veke 13 får alle gruppene symjing kvar veke. Me fortset å vera i ungdomsskulebassenget.
- Me er godt i gang med Batterijakta. **Elevane kan ta med seg hushaldsbatteri (vanlege batteri, inkludert 9 voltsbatteri og litiumbatteri), men IKKJE knappcellebatteri, oppladbare batteri eller spesialbatteri. Dei må teipa batteria heime, før dei leverer dei til skulen.**
- Leseleksa er på Relemo. Dei får med seg ipaden heim og denne må vera med på skulen kvar dag. Elevane skal gå inn via linken som ligg på Showbie, og levera inn skjermbilete av grafen kvar dag.
- Denne veka er det Lagåndveke på Bryne skule. Det vil seie at me skal ha ulike aktivitetar for å bygge lag både som skule og som trinn. Det blir ulike aktivitetar og annleis timeplan enn vanleg.
- Torsdag går me på tur saman med 3.trinn til friområde ved Vestre og Austre ring. Her set vi opp bålpanne, så dei som vil kan ha med grillmat. Hugs klede etter veret.
- Laurdag 21.3 er det verdensdagen for Downs syndrom. Dette markerer vi **fredag 20.3** med at dei som ynskjer kan ha på seg **«rockesokk»** (to ulike sokkar).

Mvh alle oss på fjerde trinn